



Atle Isdal
Alvervegen 55
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1489 - 19/27111


Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
10.09.2019

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 137/326 Alver

Vi viser til skriv frå kommunen, datert 17.06.2019. Noverande skriv erstattar skrivet frå 17.06.2019.

Etter ny vurdering, har vi lagt til grunn at det ikkje vert sett krav til parkering for bil i nærleiken av naustetomta. Bakgrunnen er at kravet til parkering ikkje står nedfelt i reguleringsplanen «Ikenberget. Del av gnr.137», sjå vedlagte føresegner og plankart. Vi kan heller ikkje sjå av plankartet at det er satt av parkering for naustetomta. Slik vi forstår reguleringsplanen, så er det lagt opp til at tilkomst til naustetomta skal skje ved fots då det ikkje er satt av parkering til naustetomta. Dette inneber at det må dokumenterast vegrett til fots for løyve til oppføring av naust. Vi presiserer at det ikkje kan parkerast på kommunal grunn for så å gå til fots til naustetomta. I tillegg kjem kravet til naboerklæring.



Mottakskontroll



Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Avtale om vegrett til fots over gbnr 137/351 med eigar Lindås kommune.
2. Naboerklæring frå gbnr 137/351 med eigar Lindås kommune for plassering av tiltak nærare enn 1 meter frå nabogrensa, sjå vedlagte skjema.
3. Dersom kommunal grunn skal nyttast i byggeperioden for å frakte materialer mv., så må det ligge føre skriftleg stadfesting på dette.

Dere tar sjølv kontakt med eigedomsavdelinga i kommunen for avtale, naboerklæring og eventuell stadfesting for bruk av kommunal grunn i byggeperioden. Kontaktinformasjon finn de [her](#)

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 02.10.2019**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Planførsegner Ikenberget. Del av gnr 137
Plankart Ikenberget. Del av gnr 137
Naboerklæring i samsvar med pbl. § 29-4

Kopi til:

Inger-Johanne Kolstad Isdal

Alvervegen 55

5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Atle Isdal	Alvervegen 55	5911	ALVERSUND
Inger-Johanne Kolstad Isdal	Alvervegen 55	5911	ALVERSUND